

Hordaland Fylkesbibliotek  
Postboks 7900  
5020 Bergen



### Tildeling - Sterk, spenstig og klar

Vi visar til dykkar søknad om utviklingsmidlar til prosjektet Sterk, spenstig og klar. Nasjonalbiblioteket (NB) har bestemt å støtte prosjektet dykkar med kr. 600 000,- i 2016 som er prosjektets siste år.

### Utbetaling av tilskot

Tilskotet vil bli overført seinast 01.09.2016, *under føresetnad av at vedlagte akseptskjema er underteikna og returnert og at føresetnadene er aksepterte.*

Frist for å returnere akseptskjema er 01.06.2016.

### Kunnskapsoverføring

Ved presentasjonar og i rapportar skal det opplysast at prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket.

Prosjektrapportar vil kunne bli publiserte på NBs nettsider og bli brukte i anna publisering frå Nasjonalbiblioteket. Prosjekteigar kan bli beden om ein artikkel/rapport som kan inngå i NBs publisering.


Det er ein føresetnad at deltakarane i prosjektet ved seinare høve vil stille opp på kurs, seminar o.l. for å formidle erfaringar. Standardar og kunnskap som kjem ut av prosjektet skal kome andre institusjonar til gode.

Vi ønskjer lukke til med prosjektet!

Med vennleg helsing

Aslak Sira Myhre  
Direktør Nasjonalbiblioteket

Vedlegg:  
Generelle føresetnader  
Akseptskjema



Svein Arne Tinnesand  
Stabsdirektør